



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Eva Bendiksen, 5557 2051

Vår dato
22.11.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/14848
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Tildelingsbrev - Inkluderande barnehage- og skulemiljø, pulje 3, prosjektnummer 64078

Radøy kommune har fått plass i pulje 3 i Utdanningsdirektoratet sitt kompetanseutviklings-tiltak *Inkluderande barnehage- og skulemiljø, pulje 3*.

Tiltaket har som mål å styrke barnehagane, skulane og eigarar sin kompetanse til å skape og oppretthalde gode barnehage- og skulemiljø og forebygge, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar. Tilbodet skal styrke både regelverkskompetansen og den pedagogiske kompetansen til deltakarane, samt kompetansen i å drive kvalitetsutvikling lokalt.

Økonomi

Radøy kommune har med både barnehagar og skular i tiltaket. Fylkesmannen tildeler såleis **kr 520 000,-** til Radøy kommune, kontonummer 3636 07 00776.

Føringar for bruk av midlane

Midlane skal:

- kkje frikjøp/tilsetting av ressurspersonar i minimum 20 % stilling gjennom heile deltakarperioden
- dekkje reise i samband med møte og samlingar i regi av Utdanningsdirektoratet og/eller Fylkesmannen
- dekkje gjennomføring av lokal oppstartsamling
- dekkje utgifter til møte og samlingar i lokale nettverk undervegs

Planar og rapportering

Kommunen skal utarbeide plan for kompetanseutviklinga. Planen er viktig for forankring av arbeidet og skal vere retningsgivande for kommunens og den enkelte eining sitt arbeid. PPT bør involverast i arbeidet. Utdanningsdirektoratet har utarbeidd forslag til mal for plan som kan nyttast om ønskjeleg.

Frist for innsending av planen til Fylkesmannen er sett til **18. januar 2019**.

Utdanningsdirektoratet har eit eige høyringssystem til rapporteringa som skal nyttast både som ei evaluering undervegs og til avslutninga av kvar pulje. Det er skuleeigar og barnehageeigar/barnehagemyndene som har ansvaret for prosessane i dei ulike einingane. PPT er ein del av kommunen sin rapport. Utdanningsdirektoratet ønskjer at kommunen sender inn

ein rapport for barnehage og ein for skule. Frist for undervegsrapporteringa er sett til **15. februar 2020**. Fylkesmannen skal deretter oversende denne til Utdanningsdirektoratet. Sluttrapporten har frist eit år seinare.

Vi viser elles til « Informasjon om deltakelse i Inkluderende barnehage- og skolemiljø - barnehage- og skolebasert kompetanseutvikling med lærende nettverk, pulje 3» på heimesida til Utdanningsdirektoratet.

Vi gjer merksam på at Statens bevilgningreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Hordaland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Eva Bendiksen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.